



Turid Grov
Veråsvegen 46
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/504 - 19/13630

Saksbehandlar:
Eirik Berntsen
eirik.berntsen@lindas.kommune.no

Dato:
02.05.2019

Avslag på søknad om fortøyningsbrygge - gbnr 108/476 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 257/19

Tiltakshavar: Turid Grov
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om utlegging av fortøyningsbrygge på 12 x 2,5 meter, med gangtilkomst på 8 meter og fire uteleggare av 8 meter. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket. Det vert elles vist til søknad motteken 20.02.19.

Planstatus

Eigedommen ligg i regulert område innanfor det som i reguleringsplanen for *Lindås nedre. Gnr. 108* er definert som *Friområde*, både på land (F1) og i sjøen (F4) .

Reguleringsplanen gjeld framfor kommunedelplan for *Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden*, jf. KPD § 7.4.

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealformål i reguleringsplanen, samt avstandskrav til sjø i plan- og bygningslova § 1.8. Det er ikkje søkt dispensasjon for dette.

Kommunen har i e-post i juni 2018 opplyst at tiltaket er avhengig av dispensasjon. Eigedonsavdelinga til kommunen har også opplyst i sitt brev at tiltaket krev dispensasjon frå reguleringsplan.

Uttale frå anna styresmakt

Det er henta inn uttale frå Fiskeridirektoratet og Bergen og omland havnevesen. Dei har ikkje merknadar til saka.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3. Det ligg føre slik merknader frå fleire naboar. Merknadane går i hovudsak på tilkomst til eksisterande båt plassar i området, og trafikk til og frå brygga. Ansvarleg søkjar har kommentert nabomerknadane.



Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan i vedlegg 5.

Terrenghandsaming

Det er ikkje opplyst om nødvendige terrengarbeider.

Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

Ansvarleg søkjar har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, skred eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak. Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

VURDERING

Plassering og dispensasjon

Tiltaket er plassert i eit område som er definert som friområde, både på land og i sjøen. Ei fortøyningsbrygge er i strid med dette arealformålet. Brygga til i stor grad hindre ålmenta si tilgang til bruk av området slik det er tenkt i planen. Fiske vil i praksis vera umulig, da det ikkje vil vera mulig å bruke sjøområdet utanfor den eksisterande kaia. Bademulegheiter vil også blir redusert. Ei slik bryggje vil også privatisera området, slik at ålmenta må vike. Reguleringsplanen har tatt stilling til kor i området det kan tillatast båt plassar, og kor det ikkje kan tillatast. Området det søkask om er eit område der det ikkje vert tillate. I reguleringsplanens nordlige del er det kun friområdet F1 som står att som eit område for ålmenta. Dersom det skulle tillatast flytebrygge her, ville det ikkje være områder for ålmenta igjen i den nordlege delen av planen.

Ettersom det ikkje er søkt om dispensasjon, kan heller ikkje kommunen vurdere å gi dispensasjon i frå arealformålet eller byggeforbodet mot sjø. Vi har ikkje etterspurt desse dispensasjonane, for vi kan ikkje tilrå dei omsøkte tiltaka. Ei slik etterlysning av tilleggsopplysningar ville påført søkar ekstra kostnader og saksbehandlingsgebyr. Dersom ei påklagar dette vedtaket, må det søkask dispensasjon frå arealformål og byggegrensa i plan- og bygningslova § 1-8.

Nabomerknad

Ettersom tiltaket er avslått av andre grunna, drøftar ikkje kommunen dei innkomne merknadane i særleg grad. Merknadane vil bli mer kommentert om det kjem en klaga på tiltaket, der det også søkask dispensasjon.

Vurdering etter naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no og nytta rettleiing frå Fylkesmannen. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 1-8 - *Forbod mot tiltak mv. Langs sjø og vassdrag og reguleringsplanens plankart med tanke på arealformål* vert det ikkje gjeve løyve til utlegging av fortøyningsbrygge på 12 x 2,5 meter, med gangtilkomst på 8 meter og fire uteleggare av 8 meter.

Grunngjeving går fram av saksutgreiinga.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 19/504

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eirik Berntsen
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Arild Østebøvik	Veråsvegen 140	5955	LINDÅS
Björg Reidun Østebøvik	Veråsvegen 140	5955	LINDÅS
Lucia Corral-Kaland	Veråsvegen 138	5955	LINDÅS
Nils-Arne Træland	Postboks 97	5951	LINDÅS
Ole Helge Frotjold	Krambuhaugen 39 A	5955	LINDÅS
Ole Jørgen Corral-Kaland	Kalandssjøen 83	5953	FONNES

Mottakarar:

Turid Grov	Veråsvegen 46	5955	LINDÅS
------------	---------------	------	--------